

Helse- og omsorgstenester



Det kan vere vanskeleg å forstå kva type teneste som passar dine behov. I denne brosjyren får du vite litt meir om helse- og omsorgstenestene i Herøy. Du finn også meir informasjon på www.heroy.kommune.no.

Nokre må du søkje om, andre tenesteytarar (merka med kursiv) kan du ta direkte kontakt med via telefonnummer som står i brosjyra.

Drosjekort (TT-kort) og følgjekort får du på rådhuset. Ta kontakt med servicetorget på 70081300.

Avlastingstilbod i omsorgssenter

Fleire pårørande har omfattande omsorgsoppgåver heime, og av og til kan det vere behov for å hente krefter. Avlastingstilbod er i utgangspunktet gratis, men er då utan legetilsyn og ein må ha med eigne medisinar.

Avlasting ved Toftetunet eller utanfor institusjon

For barn under 18 år har kommunen avlastingstilbod ved Toftetunet. Ein kan også søkje om avlasting i private heimar.

Dagtilbod

Herøy har ulike dagtilbod. Vi har dagtilbod for eldre med nedsett funksjonsnivå, for menneske med psykisk helse og/eller rusutfordring, utviklingshemming og demenssjukdom. Nokre er betalingsteneste.

Demens- og psykiatriteam

Heimbasert teneste som er særskilt tilpassa dei med psykisk helseutfordring og som er over 67 år, eller menneske med demenssjukdom. Tenesta er gratis.

Familiestøtte

Eit servicetilbod til småbarnsfamiliar med akutte og spesielle behov. Ta direkte kontakt på tlf 90802649.

Heimesjukepleie/Heimeteneste

Eit tilbod til dei som bur heime, men som av ulike fysiske og/eller psykiske årsaker har behov for helsefagleg kompetanse. Tenesta er gratis.

Individuell plan

Planen gir oversikt over tenestene dine, målsettingar og kven som er kontaktperson for dei ulike tenestene. Det blir oppnemnt ein koordinator har hovudansvar for at dei ulike tenestene samhandlar for å nå målsettingane.

Kommunale bustadar

Herøy har ulike typar bustadar, for ulike typar behov. Nokre bustadar er møblert for korttidsleige, andre er tilpassa dei med nedsett funksjonsnivå som klarar seg utan tilsyn. Nokre har personale tilstades delar eller heile døgnet.

Kreftomsorg

Kreftkoordinator bistår kreftpasientar og pårørande i ulike fasar av sjukdomen. Ho er tilgjengeleg for råd, rettleiing og samtalar. Tenesta er gratis. Ta kontakt på tlf 99210014.

Kvardagsrehabilitering

Tenesta er ei intensiv og tidsavgrensa trening i daglege gjeremål i eigen heim. Den einskilde sine ressursar, interesser og målsettingar står sentralt. Tenesta er gratis.

Middag på døra

For eldre og personar med nedsett funksjonsevne som ikkje greier å lage seg middag sjølve. Middagen vert levert på døra, og er ei betalingsteneste.

Omsorgssenter

Herøy har to omsorgssenter, med fem ulike avdelingar. Tre avdelingar har fokus på grunnleggande sjukepleie, slik som personleg hygiene, ernæring og aktivitet. Dei to andre er spesialavdelingar, tilrettelagt for menneske med demenssjukdom, eller dei som av ulike årsaker treng skjerming.

Omsorgsstønad

For personar med særleg tyngjande omsorgsoppgåver. Det kan vere omsorg gitt til barn eller vaksne, i alle livsfaser.

Praktisk bistand

Ein kan søkje om praktisk bistand til reinhald og klevask, og/eller til opplæring i daglege gjeremål. I ei ordning med brukarstyrt personleg assistent er du sjølv arbeidsleiar, der tenester som heimehjelp, opplæring og støttekontakt er samla. Hjelp til reinhald og klevask er betalingsteneste.

Psykisk helse og rus

Tilbod om målretta og individuelt tilpassa oppfølging i høve psykisk helse og rus. Tenesta er for dei over 16 år, og er gratis. Kommunepsykologtilbodet er for alle aldersgrupper.

Støttekontakt

Ordninga sitt mål er å bidra til at menneske med særlege hjelpebehov for ei meningsfylt fritid, sosialt samvær og venskapeleg hjelp og rådgjeving. Tenesta er gratis.

Tilrettelegging i heimen

Ulike hjelpemiddel og teknologi kan nyttast for at du skal klare deg lengst mogleg i eigen heim. Dersom du treng råd og rettleiing i forhold til dette kan du ta kontakt med ergoterpeuten på tlf 99210095.

Tryggleiksalarm

Ein alarm du ber på deg, som gir direkte kontakt til heimetenesta om du treng hjelp. Krev montering av nøkkelboks ved utgangsdøra, og er ei betalingsteneste.

KOORDINERANDE EINING

Dersom du har spørsmål om kva tenester som vil passe dine utfordringar best, eller om korleis du søker:

koordinerande.eining@heroy.kommune.no

90832323/ 90802649/ 90927302